



**FYLKESMANNEN I HORDALAND**  
Justis- og byggesaksavdelinga

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ståle Øvrebø, 55 57 20 27

Vår dato                      Vår referanse  
**23 APR. 2003**            03/8362 423.1  
Dykkar dato                Dykkar referanse  
27.11.2002                99/00097-25

Lindås kommune  
Teknisk etat  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE AREAL OG MILJØAVDELINGA	
Arkivkode 108/226	
24 APR. 2003	
Ark.saksnr. 99/00097	Løpens. 6938/03
Sakslr. KBj	Grad.

**Klagesak - støttemur, skråning og levegg på gnr. 108, bnr. 226, Kolås II.**

Fylkesmannen i Hordaland visar til felles synfaring den 11.04.2003, med partane til stades.

Saka gjeld klage datert 14.10.2002 frå nabo Frode Malm, over vedtak datert 26.09.2002, om tiltaksløyve for støttemur, skråning og levegg.

**Klage:**

I klagen vert det vist til at teknisk etat ved fleire høve har gjeve uttrykk for at steinfyllinga bak garasjen til tiltakshavar er både ruvande og skjemmande, noko klagaren støttar fullt ut. Klagaren visar til at når det no er planlagd ein levegg på toppen av denne steinfyllinga, vil dette forsterka den allereie store nivåskilnaden.

Klagaren visar til at den 3 meter store steinfyllinga med fordel kunne fått ei anna estetisk utforming som ville ha dempa ned den store steinflata.

Klagaren er forundra over at teknisk etat har tillete bygginga av murverket utan at det er søkt om byggjeløyve.

**Merknader frå kommunen:**

I samband med handsaming av saka (i 1998) som gjaldt plassering av tiltakshavaren sin garasje, vart det drøfta verknader for Malm sin eigedom, og etter det første vedtaket skulle garasjen plasserast på kote 78,50. Då formannskapet, etter klage frå tiltakshavar, fastsette høgdeplasseringa for garasjen ein meter høgare, på kote 79,50, følgde planeringshøgde rundt garasjen og trongen for ein høg støttemur langs grensa mot Malm sin eigedom som ein naturleg konsekvens av vedtaket. Rådmannen kan ikkje sjå at omsøkte levegg i forlenging av garasjen vil medføra ekstra ulemper for Malm sin eigedom.

Når det måtte setjast opp ein så høg mur, er naturstein ei estetisk mykje betre løysing enn ein betongmur.

Kommunen godtek ikkje utan vidare at det vert bygd utan søknad eller melding, men i ein byggeperiode med ferdiggjering av uteareal, kan det vera litt diffust kva som ligg inne i det løyvet som er gjeve, og kva det må søkjast særskilt om. I denne saka vart det

krevd innsending av ein enkel søknad med nabovarsel, etter at det meste av arbeidet var utført.

Formannskapet vedtok den 21.11.2002, etter synfaring, å halda fast på delegert vedtak i sak 219/02, datert 26.09.2002.

#### **Fylkesmannen ser saka slik:**

Saka gjeld tiltak i nabogrensa mot klagaren sin eigedom, og temaet for klagehandsaminga er om dei aktuelle tiltaka medfører slike ulemper for klagaren at det er grunnlag for endring av kommunen sitt vedtak etter plan- og bygningslova. Herunder må det takast stiling til den estetiske verknaden av tiltaka, jf. pbl § 74 nr. 2.

I det påklagde vedtaket av 26.09.2002 er det vist til at bruken av natursteinsmurar oppfyller krava til estetikk, og er i samsvar med kommunen sine "*Retningslinjer for bygnings- og utemiljø*".

Etter det fylkesmannen forstår, er det ikkje indikasjonar som tilseier at muren medfører fare for omgjevnadene. Fylkesmannen meiner det må bli opp til kommunen som lokal fagmyndigheit å vurdere om det skal krevjast ytterlegare dokumentasjon vedrørende utføringa av muren.

Fylkesmannen meiner at natursteinsmuren ser noko "uryddig" ut og burde ideelt sett vore lagt på ein måte som gav eit estetisk betre inntrykk. På synfaringa vart det diskutert moglege måtar å betra det estetiske inntrykket av muren, m.a. ved hjelp av kryp- eller hengjeplantar. Fylkesmannen meiner at sjølv om muren i utgangspunktet ikkje gjev det beste inntrykket visuelt, bør dette kunna avhjelpast ved t.d. planting. Kommunen har i utgangspunkt ikkje gjeve detaljerte vilkår for utføringa av muren, og fylkesmannen meiner det ville vera ei for streng tolking av pbl § 74 nr. 2 å påleggja tiltakshavaren å gjera om arbeidet. Fylkesmannen visar særleg til at muren er ein nødvendig del av den terrengbearbeidinga som godkjent høgdeplassering av hus og garasje har medført.

Den omsøkte leveggen vil i følgje vedlagte teikningar bli ca. 2 m høg og ca. 2,5 m lang med avtakande høgde mot enden. Leveggen vil skjerma mot innsyn mellom naboane. Fylkesmannen kan ikkje sjå at leveggen vil vera til slik ulempe for klagaren at det er heimel for å nekta den oppført. Estetisk skiljer den seg heller ikkje ut frå liknande tiltak som normalt blir tillete oppført i nabogrense.

I totalvurderinga kan ikkje fylkesmannen sjå at det er heimel for å gjera om kommunen sitt vedtak om å gje løyve til dei omsøkte tiltaka. Kommunen sitt vedtak blir dermed å stadfesta.


#### **Vedtak:**

Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt vedtak datert i delegert sak 219/02, datert 26.09.2002 om tiltaksløyve for støttemur, skråning og levegg på gnr. 108, bnr. 226, Kolås II.


Fylkesmannen sitt vedtak er gjort etter delegasjon, jf. pbl §§ 13 og 15. Vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forv.l. § 28, 2. setning.

Vedlagt følgjer saksdokumenta i retur.

Med helsing



Rune Øpsen Bødtker (e.f.)  
avdelingsdirektør



Ståle Øvrebo  
rådgjevar

Vedlegg

Kopi: Frode Malm, Dalane B, 5955 Lindås.  
Sonja Høyvik og Knut Høyvik, Dalane 3 A, 5955 Lindås.